

Monica Stenseth
SKARSVEGEN 476
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2152 - 22/25016

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune.no

Dato:
29.03.2022

Løyve til oppføring av driftsbygg i landbruket - gbnr 147/5 Sellevoll

Administrativt vedtak: **Saknr: 371/22**
Tiltakshavar: Monica Stenseth
Ansvarleg søker:
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve løyve for oppføring av driftsbygning på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke her den 07.03.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horizontalplanet.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av ny driftsbygning med bygd areal (BYA) ca. 112 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 0,059 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.03.2022.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-eigedom.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå det kommunale landbrukskontoret den 09.02.2022:

Eigedommen består av 4,7 daa fulldyrka jord, 21,1 daa overflatedyrka jord, 4,7 daa innmarksbeite og 237,1 daa produktiv skog. Alt slåtteareal er per i dag leigd bort med munnleg avtale. Søkarane ønsker å drive skogen med vedproduksjon for sal.

Dei ønsker å bygge opp ein liten flokk med sau som dei vil ha på utegang. Dei er opptatt av å ta vare på kulturlandskapet og jordressursane på garden, og ønsker å ha sau primært for landskapspleie.

Landbruksavdelinga har vurdert om tiltaket inngår i LNF-formålet i medhald av veilederen «Garden som ressurs». Tiltaket er openberty knytt til produksjonen på garden. Landbruksavdelinga meiner at den planlagde verksemda er basert på og tilpassa garden sitt ressursgrunnlag.

Eigedommen har store skogressursar, og det er rimeleg at det er behov for ein bygning til oppbevaring og vedlikehald av utstyr i forbindelse med skogsdrift og vedproduksjon. Eigedommen har lite dyrka jord. Ein liten flokk med sau er ein fornuftig måte å halde kulturlandskapet og beiteressursane i hevd, og står i forhold til garden sitt ressursgrunnlag.

Driftsbygningen vil og gjere nytte som ly for sauene. Dette vil vere ei god løysing som gjev vern mot vind og nedbør, ein eigna fôringsplass og plass for dyr som treng særskilt tilsyn eller stell, Jf. Forskrift om velferd for småfe § 17.

Landbruksavdelinga meiner at tiltaket vil ha positiv verknad på jord- og skogsdrifta på bruket. Tiltaket vil ikkje gje nedbygging av dyrka mark sidan driftsbygningen skal settast opp på same stad som eldre driftsbygning.

Bygningen sin størrelse og volum er rimeleg i forhold til omgjevnadane, og landbruksavdelinga kan ikkje sjå at dette vil ha nokon negativ verknad på korkje kulturminner, vannforvaltning, trafikk, naboyer eller estetikk. Med tanke på natur- og kulturlandskap vil det vere positivt at det blir drift med beitedyr på garden, og det nye bygget ser ut til å ville gli fint inn i kulturlandskapet på staden.

Etter ein heilskapleg vurdering meiner landbrukskontoret at tiltaket fell inn under LNF-formålet og at dispensasjon frå LNF-formålet derfor ikkje er nødvendig. Det er ikkje annan driftsbygning på bruket som tilfredsstiller dette behovet per i dag. Landbruksavdelinga meiner at bygningen bør reknast som eit nødvendig bygg i forbindelse med landbruksdrift.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan 07.03.2022.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 11 meter.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 82 meter.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endring.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Ingen endring.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/2152

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

E1-6.tegninger, plan,-fasade
Q1.Kart1
Q2.Kart2

Mottakarar:

Bernt Anton Simonsen	SKARSVEGEN 476	5911	ALVERSUND
Monica Stenseth	SKARSVEGEN 476	5911	ALVERSUND